

Røysterett for alle



Konsert

I

Uskedalen kyrkje

torsdag 10. juni kl. 20.00

Kom og høyr litt av koret sitt repertoar

Dirigent og solosong Maria Malmsten

Entrè: Som du føler etterpå.

Røysterett for alle har torsdag kveld den første konserten sin på heimebane i år.

Denne kvelden i Uskedalen kyrkje vil koret syngja smakebiter frå årets repertoar og også songar som skal framførast i kyrkja under innsetjingsgudstenesta for den nye presten 15. august.

Dirigent Maria Malmsten har også nokre solonummer å by på.

Det blir denne gongen eit spesielt innslag på tilhøyrarbenkane.

4 kanadiske damer - frå både prærie og hovudstad i provinsen Saskatchewan - vil vera til stades.

Dei høyrer til Bringedalslekt i Herøysund og er på sin aller første rundtur i Noreg med innlagt visitt hos slektningane. Kvartetten kjem til å bli gledeleg overraska over konserten.

Konserten startar klokka 20 og er siste post i den ordinære øvingskvelden for koret.

Den startar somvanleg i Helgheim klokka 18.

Over: Slik presenterer koret seg framfor konserten.